

# Champagne, jordbær og Aune Sand

I sommar kan du få eit ganske så intimt møte med Aune Sand.



FULLT HUS: Aune Sand trekte fullt hus med høgtlesinga si under UKA i Trondheim i fjor.

Kunstnaren, filmregissøren og forfattaren Aune Sand kjem til Tysnes under Tysnesfest for å ha høgtlesing frå boka si, «Jordbærmus». Ein lyt merka seg at arrangementet er retta mot eit vakse publikum.

## Fullsett på UKA

Aune Sand er for mange kjend som ein kvinnebedårar, og om kvelden tysdag 5. juli, ved Saga på Arbakka, kan ein få høyra historier frå Sand sitt liv som kvinnesjarmør.

– Dette er ganske nytt for oss. Me har ikkje hatt noko som er så dristig på programmet før, seier driftsleiar i Tysnesfest, Øystein Vaage.

Arrangementet vert ei blanding av jordbær, champagne og Aune Sand i fri utfolding. Med kona Marianne Aulie poserende naken på coveret av den erotiske romanen «Jordbærmus», har Aune Sand innvia ein ny amorøs tilnærming til roman-sjangeren.

Då UKA i Trondheim invi-

terte til høgtlesing med Aune i fjor haust, selde dei ut alle dei 800 billettane på berre fire dagar. Framføringa hans blei mellom anna kalla upåklegleg, og han hadde stålkontroll på publikum, som var 800 studenter.

## Forfølgd av einarar

Aune Sand er kanskje mest kjend for å ha regissert og spelt hovudrolla i filmen Dis frå 1995. Filmen er karakterisert som ein av dei hundre

dårlegaste filmene på filmdata-basen IMDB. Harald Kolstad i Dagsavisen nekta å gje filmen terningkast, fordi det å gje filmen terningkast ein ville vera å innrømme produktet sin rett til å bli kalla ein film, og det var han ikkje viljug til.

I 2015 debuterte Sand som forfattar med den erotiske romanen Jordbærmus. I VG anmeldte Sindre Hovdenakk Jordbærmus til terningkast ein.

Aune Sand er sonen til bil-

ledkunstnaren Øivind Sand. Han har ein tvillingbror som heiter Vebjørn. Aune er i dag gift med kunstnar Marianne Aulie, som han har ei dotter med.

RANDI KLEPPE  
randi@tysnesbladet.no



MANGE GJESTER: Bermudateltet blir i år fullt av kjende andlet. F.v. Dag Jørund Lønning, Geir Helljesen, oselvargjengen med Bjørn Tomren i midten, Kjell Magnus Økland til venstre og båtbyggjar Hallgeir Forstrønen Bjørnevik til høgre, og Dag Lindebjerg.

## Program i Bermudateltet dagen lang

**Tysnesfest utvidar programmet i Bermudateltet i år. Det blir alt frå føredragshaldningar og konsertar til stand-up og dagen derpå-gudsteneste.**

I tillegg til det faste innslaget, God Morgon Tysnesfest, vert det i år både God Ettermiddag Tysnesfest og God Kveld Tysnesfest. Det opplyser driftsleiar for Tysnesfest, Øystein Vaage, i ei pressemelding.

### Konsert, humor og føredrag

Onsdag kveld blir programmet i Bermudateltet spar-ka i gong med God Kveld Tysnesfest, og konsert med Truls Horvei og De Søvnløse,

og Charlie Rackstead and The Sticklesbergen Ramblers. Kveldsshowet blir leia av Anders og Kåre.

Torsdag føremiddag vitjar Dag Jørund Lønning Bermudateltet, for å halda føredrag om å utvikla bygda nedanfrå. Lønning er rektor ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB). Han vart kåra til årets bygdeprofil i 2015, og årets norske landbruksbloggar i 2014.

Tidleg torsdag kveld er det humorshowet Klypa som seglar inn i Bermudateltet. Dei skal ha show der også fredag kveld.

### Lang karriere, lang tur

Fredag blir det to føredrag på dagtid i Bermudateltet. Fyrst

ut er Geir Helljesen, som skal snakka om menneske han har møtt i løpet av sine 40 år i NRK. Helljesen er ein av dei aller mest kjende profilane i norsk fjernsyn. I 2005 vart han kåra til årets journalist, og i 2008 fekk han Gullrutens heiderspris. I 2009 vart han utnemnd til Ridder av 1. klasse av Den Kongelige Norske St. Olavs Orden.

Det neste føredraget er eit multimedieføredrag om roturen som Bjørn Tomren hadde sommaren 2015. Då rodde han Norge på langs i ein oselvar. Båten vart bygd våren 2015 av Hallgeir Forstrønen Bjørnevik i verkstaden hans på Bjørnen i Os. Båten vert med under forestillinga, for at folk

skal få sjå korleis ein rotur på 2.000 kilometer set sitt preg på ein nybygd båt. Tomren er elles kjend som jodlaren Polka-Bjørn.

I multimedieføredraget blir det røvarhistorier frå roturen, bygginga og meir allment om oselvaren. Innimellom vert det musikalsk underhaldning ved Oselvarbanden.

### Kystkultur og DJ

Laurdag føremiddag kan ein bli med fjernsynsprofil Dag Lindebjerg på ei TV-reise gjennom kysten si kulturhistorie. Lindebjerg har jobba mange år i NRK, og dei siste åra har han laga mange program om kystkultur og båtliv.

Om ettermiddagen spe-

lar DJ Friendly avslappande musikk live i Bermudateltet, og Anders og Kåre styrer showet.

Søndag, og siste dag med Tysnesfest, er dagens gjest Reidar Brendeland frå Vestlandsfanden. Deretter blir det dagen derpå-gudsteneste med sokneprest Marit I. Espedalen, med musikk av Vidar Eldholm Olsen med band.

Det vert festivalfrukost og frukostshow med Anders og Kåre kvar morgon frå torsdag til søndag i Bermudateltet.

RANDI KLEPPE  
randi@tysnesbladet.no